



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD
05.09.2024 kl. 15.30 - i møterom på kyrjekontoret.

Til stades: Leif Ole Terøy, Olav Frantzen, Liv Laugaland, Sigrunn Hagen Arnesen, Margunn Helgøy, Asbjørg K. Hetlesæter og Mette Ingvaldstad (sekretær)

Forfall: Aud Grimstad og Magnhild Meltveit Kleppa

Møtande varamedlemmar: Serina Orstad Waldeland og Susanna Poulsson

SAK 00/24 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner den utsendte innkallinga og sakliste med tilleggssak 22/24.

SAK 00/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 14.03.2024

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner møteprotokoll

SAK 23/24 ORIENTERINGAR

-Arbeidet med taket på Årdal gamle kyrkje er avslutta. Nå gjenstår det nokre røyr til sprinklaranlegget oppunder takutstikk og deteksjonskablar til brannvarslingsanlegget. Kyrkjeverja hadde befarings med Riksantikvaren og Bispedømmekontoret 28.08. RA vil ikkje godkjenne oppføringa av utvendig sprinklaranlegg slik det er nå.

-Det er litt malingsarbeid som gjenstår på tårnet som L H Jørmeland utfører. Det pågår malingsarbeid på toalett/teknisk bygg på dugnad av nokre soknerådsmedlemmar.

-Cathrine Sandhåland har sagt opp sin stilling frå 01.10.24. PSU har tilsett Serina Orstad Waldeland som administrasjonssekretær i 50% stilling. Oppstart i stillinga er 01.10.24.

-AU hadde møte den 27.06. for å godkjenne rekneskapet for 2023 og disponere årsresultatet. Sjå vedlagt møtebok.

-Magnhild Meltveit Kleppa orienterar om oppfølging av gravminneplanen under møtet. Sjå vedlegg.

Orienteringa blir utsett til neste møte.

Vedtak:

Orienteringar vert tekne til orientering.

SAK 24/24 KJØPE REKNESKAPSTENESTER FRÅ KNIF REKNESKAP

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd har motteke tilbod frå Knif Rekneskap på kjøp av rekneskapstenester.

Tilbodet inneberer at kyrkjevevja framleis konterer billaga, da det er ho som veit kor kostnadane skal først. kyrkjevevja må registrere lønsgrunnlag kvar månad, dersom det er brukt vikar og for å registrera køyregodtgjersle. Knif tar resten av lønnsarbeid og utbetalingar. Dei tar og årsoppgjeret.

Estimert pris – system/lisensar og tenester

Med bakgrunn i grunnlagsinformasjon, bereknar dei årleg honorar til mellom kr 110 000 og kr. 115 000 eks mva. Honoraret består av system, lisensar og tenester som beskrive i tilbodet. Dersom rekneskapet for sokneråda skal først i dette systemet er det tillegg i prisen.

Etableringskostnad er berekna til kr 40 000, - til kr. 45 000,- eks. mva.

Total årleg kostnad kan bli mellom kr. 93 000,- til kr. 115 000,- eks. mva.

Vedtak:

Hjelmeland fellesråd søker kommunen om tilskot til å kjøpe årlege rekneskapstenester og ekstra tilskot til etablering av nytt system. Hjelmeland fellesråd vedtek å kjøpe rekneskapstenester frå KNIF dersom kommunen innvilge ekstra midlar til dette formålet.

SAK 25/24 OPPFØLGING AV GRAVMINNEPLAN

Sak 25/24 vert ein orienteringssak.

Orienteringa vert utsett til neste møte.

SAK 26/24 SKIFTE PLATTFORM FRÅ KIRKEDATA TIL KIRKEPARTNER

Det blir anbefalt å gå over til Kirkens lokale skrivebord frå mange hald.

Med Kirkepartner får alle same løysning uavhengig av arbeidsgjeverlinje. Kirkepartner sikrar at personvernregler og anskaffelsesreglar er følgt opp. Det er ein sikker løysning som er tilgjengeleg uansett kor ein er. Det er enkelt å samhandle på Teams og samarbeid om dokumentar. Arkivløysninga er enkel og trygg i bruk og den oppfyller arkivlova.

Gravprogrammet Ecclesia kan koplast til arkivet og Medarbeidaren kan koplast mot TID.

Kirkepartner med Kirkens lokale skrivebordløysning tilbyr ein del ekstratenester og tilgang til mykje informasjon som HR og HMS.

Det er eit sterkt ønskje frå prosten at Hjelmeland fellesråd skal skifte til Kirkepartner.

Det er ein stor kostnad å gå over frå Kirkedata til Kirkepartner.

Driftskostnadar pr år vil auke med ca. kr. 17 000,-.

Etableringskostnadar på mellom kr. 35 000 - 60 000,-.

Fornye datautstyr kan koste frå kr. 30 000 - 70 000,-.

Vedtak:

Hjelmeland fellesråd vedtek å skifte plattform frå Kirkedata til Kirkepartner. Fellesrådet søker kommunen om ekstra tilskot til dette.

SAK 27/24 INNSPEL TIL HJELMELAND KOMMUNE BUDSJETT 2025**Administrasjonskostnader:**

Oversikt ekstra administrasjonsutgifter for Hjelmeland kyrkjelege fellesråd		
tekst	Årleg kostn	Eingongskostn
Kjøpe rekneskapstenester frå KNIF Regnskap	115 000	
Etablering rekneskapssystem 2025		45 000
Skifte frå kirkedata til kirkepartner		55 000
Kirkepartner årleg kostnadsauke	17 000	
drift og vedlikehald av sprinkleranlegg	26 000	
auke i løn og sosiale utgifter 2024/2025	276 000	
tilknytningsgebyr brannalarm		23216
Kvartalsavgift brannalarm	15 904	
auke i forsikring av kyrkjebygg	46 000	
sum	495 904	123216

mva kjem i tillegg

Kyrkjebygg:

Strakstiltak på vedlikehald nå er Hjelmeland kyrkje som treng å tette lekkasje i spir og berekonstruksjon i tårn og spir. Det var estimert pris på 160 000,- i 2020.

Kommunen har budsjettert med kr. 200 000,- til dette arbeidet i 2025.

Kyrkjeverja meiner at det ikkje er nok, spesielt ikkje når det må setjast opp stillas.

Maling av Hjelmeland kyrkje er ca. 220 000,- + mva. ref. pristilbod frå Agovic i 2023.

Forlengje rekkverk på galleriet i Fister kyrkje.

Prisantyding kr. 120 000,- + mva. ref. til arbeid utført i Hjelmeland kyrkje

Restaurering eller ny inngangsdør, har ikkje pris på det nå.

-Pris på ny dør frå Erøyvik Trevare kr. 95 000,- (102 000,-). Sjå vedlegg frå Edgar Erfjord.

Restaurering av vindauge kr. 220 000,- + mva. iflg. Akasia.

Nytt varmeanlegg i Årdal kyrkje pris ca. kr 700 000,- + mva.

Vedtak:

Innspel blei diskutert og tatt til orientering. Saka blir tatt opp som sak på neste møte i oktober.

SAK 28/24 HANDTAK I TRAPPENE OPP TIL GALLERIET I HJELMELAND KYRKJE

Kyrkjeverja søker biskopen om å setje opp handtak i trappane opp til galleriet. Hjelmeland sokneråd uttaler seg i samband med kven løysning som skal veljast før forslaget blir sendt til biskopen for godkjenning.

Vedtak:

Når forslaga frå L.H. Jørmeland kjem sendes dei til soknerådet for å velje løysning. kyrkjeverja søker biskopen om godkjenning av tiltaket når soknerådet har sagt kva dei ynskjer.

SAK 29/24 YMSE

-Preikestolen går med underskot på kr. 25 000,- og ber om at Kyrkjeverjene informerer fellelråda om dette. Sjå vedlegg frå Siv Fossan.

Det er fellelråda som må dekke underskotet som bladet har.

-Årdal sokneråd vil fortsetje diskusjonen om Årdal gamle kyrkje skal bli ei museumskyrkje i neste møte.

-Parkering av lastebilar ved Fister kyrkje.

Den som ga grunnen til kyrkja slik at det skulle være parkering der har uttala at han er misfornøgd med at det står lastebilar parkert der.

Det er kommunen sin eigedom nå, det blei endra i 1997, så dette må han snakke med kommunen om.

Vedtak:

Informasjon blir tatt til etterretning

SAK 30/24 FORSIKRINGAR 2025

KLP har varsla ein prisauke i 2025, spesielt på kyrkjebygg.

Fellelrådet har brukt Waco forsikringsmegling A/S til å finne beste og rimelegaste alternativ innanfor Hovudtariffavtalen sine krav.

Hjelmeland fellelråd betalte kr. 134 717,- i 2024 til KLP og Knif Trygghet.

Prognosen for 2025 visar ein prisstigning på totalt 58,95%. Samla prisprognose hjå KLP og Knif er kr. 213 000,- der forsikring på kyrkjebygg har steget frå 109 000,- til 185 000,-.

Waco har gjennomført ein anbudsutlysning og motteke følgjande tilbod:

Kyrkjebygg kr. 170 000,- Knif

Gruppeliv kr. 6000,- Matrix

Personalforsikring kr. 4000,- Gjensidige

Totalkostnad kr. 180 000,-

Hjelmeland fellesråd sparar kr. 33000,- viss vi aksepterer tilbodet Waco har forhandla fram.

Endring frå KLP til Knif Trygghet på kyrkjebygg:

- vi vil få tilbakebetalt ved lite skadar.
- Altertavle, orgel, preikestol og andre ting innvendig er ikkje ein del av bygget, men av drifta.
- Vi får rabatt på tiltak som gjeld brannsikring.
- skadeforebyggjande arbeid.
- årleg brannsikringskurs. Arrangerer kurs mtp vatn skader og HMS.

Vedtak:

Hjelmeland fellesråd følgjer Waco sin anbefaling av leverandørar av forsikring for 2025.